



Arkivnr: 2014/10441-37

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Delegert saksframlegg**

---

**Fylkesrådmannen etter fullmakt**

## **Låneopptak 2014 - II**

### **Samandrag**

Til finansiering av deler av budsjetterte investeringar i 2014 vert det teke opp eit 2-årig obligasjonslån på 450 mill. kr. Renta er 3 mnd. Nibor + ein margin på 0,128 %.

### **Vedtak**

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Det vert teke opp eit 2-årig obligasjonslån på 450 mill. kr, tilrettelagt av SEB / DNB.  
Renta er 3 mnd. Nibor + 0,128 %.

Johnny Ernst Stiansen  
konst. fylkesrådmann

Nils Vetlesand  
fung. fylkesdirektør økonomi

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 05.06.2014**

Det er i 2014 budsjettert med bruk av 1 295,6 mill. kr i lån til finansiering av investeringar. Til fylkestinget i juni vert det lagt fram to saker med endringar i investeringsbudsjettet. Netto reduksjon i lånebehovet vil bli 43,6 mill. kr. Det er sannsynleg at det kan kome fleire budsjettendringar gjennom året.

Ein tek sikte på å dekke årets lånebehov gjennom 3 låneopptak. I februar vart det teke opp eit obligasjonslån på 400 mill. kr. Tida er no inne til å gjere eit nytt låneopptak. Denne gongen vil ein låne 450 mill. kr.

I følgje finansreglementet skal ein ha fast rente på mellom 40 % og 60 % av låneporteføljen. Pr. dags dato har ein fast rente på 59,7 % av låneporteføljen. Det nye lånet bør dermed ha flytande rente.

Fylkeskommunen sine lån fordeler seg i hovudsak på tre lånekjelder: sertifikatlån, obligasjonslån og Kommunalbanklån.

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 208 000	28,9 %
Obligasjonslån	4	1 585 000	20,8 %
Kommunalbanken	13	3 831 391	50,2 %
DNB	1	12 454	0,2 %
<b>Totalt</b>	<b>25</b>	<b>7 636 845</b>	<b>100,0 %</b>

Lågast rente oppnår ein normalt på sertifikatlån. Ulempa er at desse låna har kort løpetid og må fornyast ofte. Sidan fylkeskommunen sine lånebehov er langsiktige, kan det vere ein viss risiko om ein svært stor del av låneporteføljen har løpetid på under eitt år.

Fylkesrådmannen går denne gongen inn for å ta opp ei 2-årig obligasjonslån på 450 mill. kr. Frå før har ein ingen lån med forfall i 2016.

Bergen Capital Management har i dag gjennomført anbudsrunde for fylkeskommunen. Det kom inn slike tilbod på 2-års obligasjonslån:

Tabellen viser margin over 3 mnd. Nibor, som i dag er notert til 1,86%:

DNB / SEB	0,128 %
Danske Bank Markets	0,140 %
Swedbank	0,144 %
Kommunalbanken	0,160 %

DNB og SEB har denne gongen gått saman om eit tilbod, som kjem klart best ut. SEB blir fylkeskommunen sin motpart. Fylkesrådmannen aksepterer dette tilbodet.